

Velkommen til

Arrangement og utleige i

historiske omgjevnader

– HUUS-STOVA –

Stova stod på Huus i Jølster, på oppsida av vegen like aust for Helgheim kyrkje. Det skulle byggjast nye hus i tunet og museet reiv henne i 1982. I 1988 vart ho sett oppatt her.

Så langt kjeldene kan fortelje vart sjølv stova bygd kring 1680, medan kleve og utdør (gang) har komme til seinare. Det same ser ein på Østenstadstova som står like ovanfor og som er datert til kring 1500, dvs. mellomalderen. Treromsplanen, som desse stovene har, var utbreidd over heile landet med litt variasjon m.o.t. plassering av inngangsdør og liknande. Dei var den vanlege stovetypen i Sunnfjord til langt fram på 1800-talet, då folk, særleg i samband med utskiftingane, fekk seg større hus med lem – gjerne som påbygging av eit gammalt treromshus.

Det er vanleg å kalle sjølv stoverommet for sperrestove etter dei synlege sperrebjelkane, eller røykomnstove etter den vanlege omnstypen.



Røykomnen krov at det var ope rom mot taket og ljoren, slik at røyken kunne sleppe ut.

Røykomnen, slik me ser den i Østenstadstova, har ikkje skorstein. Denne omnstypen må ha høvt godt for folk på Vestlandet. Han var i bruk her lenge etter at dei andre stader i landet hadde gått over til peis med skorstein, slik at dei kunne byggje lem i stovene. I Sunnfjord gjekk dei vanlegvis rett over til jernomn.

Men det vart bygt mange slike stover også etter at røykomnen kom ut av bruk. Grunnane til det kan vere mange. Tradisjonane har nok spela ei rolle («slik har me alltid bygt her»), men truleg har lyset frå ljoren hatt mykje å seie. Det ville dei halde på, sjølv om oppvarmingsmåten endra seg. På museet kan me t.d. sjå at i skulehuset frå Guddal som vart bygt kring 1890, er det ope sperretak med ljore.

Me veit ikkje om det har vore røykomn i Huus-stova. Det kan godt ha vore det, men alle spor er fjerna i samband med innsetting av jernomn. Me veit heller ikkje om ho vart bygd med vindauge, men sann-



synlegvis vart ho ikkje det. Glas var eit dyrt materiale som ikkje vart produsert i Norge før godt ut på 1700-talet og det gjekk nok enno ei stund før vanlege folk hadde råd til å kjøpe glas til huset sitt. Det vert hevda at viktigaste årsaka til at dei sette inn vindauge ikkje var å få meir lys, men å få kontakt med det som gjekk føre seg ute, - å kunne sjå utan sjølv å bli sett. Lyskjelda inne var enno først og fremst ljoren, sjølv om han etter vår målestokk ikkje alltid slepte inn så mykje lys.

Før glaset kom var ljoren gjerne tekt med ein vaska dyremage. Denne kunne aldri bli heilt klår. Andre lys-

kjelder var tranlampe (kole), spik (furufliker festa i ein haldar) og talglys. Dette lyset fekk brenne frå det var godt skynt til det var sengetid i 8-9-tida.

Stoverommet var både opphaldsrom, kjøkken, matrom, arbeidsstad og soverom for hushaldet.

I hushaldet kunne både kårfolk, tenestefolk og fleire andre vere inkluderte.

Husa hadde ei nokså fast og praktisk innreiing med seng attåt omnen, langbord med faste benker i gavlen, veggplass til stor vev og golvplass til den som skulle reparere reiskap og kjerald.

Soveplassane var elles gjerne organiserte slik at sjølvfolket sov i senga i stova, ungane rundt på benkane, kårfolket i kleven, og tenestefolk og ungdommar på kvelemmen eller på fjøslemmen.

Tunet på museet syner eit klyngetun med to brukarar slik det kunne sjå ut kring 1850, altså før utskiftinga tok til og me fekk gardstun av den typen me kjenner i dag. Klyngetuna kunne vere store med opp til 10-15 brukarar og langt over hundre hus som tilsynelatande var heilt tilfeldig plasserte. Så stort er ikkje museums-tunet. Huus-stova er det eine av to bustadhus.

Prisar utleige av hus (Frå 2016)

Huus-stova

Eignar seg for grupper opp til 40 personar.
Heilårsbruk. Kjøkken. Dekketøy.

2.200,-kr

Sersjantløa

Eignar seg for grupper opp til 120 personar.
Kaffitraktar, kjøleskap og fryseboks.
Til bruk i sommarhalvåret.

2.800,- kr

Eldstova

Eignar seg for mindre grupper opp til 20 personar. Til bruk i sommarhalvåret.

1.000,- kr

Halbrendshuset

Huset eignar seg for grupper opp til 36 personar. Heilårsbruk. Nytt moderne kjøkken. Dekketøy.

2.200,- kr



Adresse: Movika, 6819 Førde
Bankgiro: 3705 16 96647

Telefon: +47 57 72 12 20
Org.nr.: 994 179 136 MVA

E-post: sum@misf.museum.no
Nett: www.sunnfjord.museum.no